

LANDSTINGET 2015



GOL 4. - 5. JUNI

OMDØMMEBYGGING I KOMMUNANE



LANDSTINGET 2015 • PERS HOTELL • GOL • 4. - 5. JUNI

Torsdag 4. juni

09.00 Registrering

09.30 Opning og velkomsthelsingar

Hallvor Lilleslett, ordfører i Gol kommune
Solfrid Borge, styreleiar i LNK
Helsing frå Pers Hotell

10.00 Hallingdal posisjonerer seg

Omdømme er kva folk seier om oss, enten vi vil det eller ikkje. Hallingdal har dei siste åra teke dette på alvor og jobba bevisst med omdømmet sitt. Arbeidet femnar rekruttering, bulyst, profilering og posisjonering. Her får du eit innblikk i korleis det har vore jobba, om prosessen og resultatata.

Ulrikke Ytteborg, prosjektleiar for Hallingdal 2020

10.45 Kaffi, utstillarar

11.15 Merkevara Lærdal

Er omdømmebygging berre systematisk arbeid - eller tufta på historie, kultur og tilfeldige hendingar?

Jan Geir Solheim, ordfører i Lærdal kommune

12.00 Treng kommunane eit godt omdømme?

Interessa for omdømme og omdømmebygging har auka mykje dei siste åra, både i næringslivet og i offentlig sektor. Kva er eigentleg omdømme og kor viktig er det for norske kommunar? Kva kan kommunane læra av næringslivet?

Ole Christian Apeland, adm. direktør i Apeland

12.45 Lunsj

13.45 Gjev godt språk eit betre omdømme?

Strategisk arbeid med språket i ein norsk kommune.

Elin Wetås de Jara, kommunikasjonsjef
i Time kommune

14.30 Omdømmearbeid i ein kommune

Systematisk arbeid over tid gjev resultat sjølv i ein «multikompleks» organisasjon.

Ola Helstad, administrasjonssjef i Lom kommune

15.15 Kaffi, utstillarar

15.45 Paneldebatt: Kva er stoda i omdømmearbeidet i norske kommunar?

Paneldeltakarar: Jan Geir Solheim, Ole Christian Apeland, Ola Helstad og Elin Wetås de Jara.

Debatteleiar: Olav Kobbeltveit

17.00 ÅRSMØTE LNK del I

Leiartale
Konstituering

17.30 Slutt

19.00 Aperitiff

Minikonsert med Stein Torleif Bjella

19.45 Festmiddag på Pers Hotell

Konferansier: Lorentz Lunde

Fredag 5. juni

08.30 ÅRSMØTE LNK del 2

09.30 Utdeling av pris for offentlig målbruk

Prisutdelar: Finn Tokvam

09.45 Dønn Ærleg

Skal vi utvikla oss må vi vera gode på samhandling. Byggja kvarandre gode i positive observasjonar og gjennom verbale attendemeldingar. Å vera kvarandre sine gode ambassadørar er med på å byggja sterke relasjonar. Eg er best når eg er meg sjølv, kven andre skal eg vera? Gode relasjonar skapar gode synergjar og gjev tryggleik og identitet.

Rasmus Mo, omdømmeleiar, mentor og motivator i Sogndal Fotball

10.45 Pause, utstillarar og utsjekk

11.15 Når målet er målet

Prosjektet Hått Halling har som mål å auka kunnskapen om og interessa for nynorsk og dialekt blant born og unge i Hallingdals-kommunane. Kva har dei gjort - og kva er dei største utfordringane med målarbeid som tidsavgrensa prosjekt?

Heidi Molstad Andresen, leiar av prosjektet
Hått Halling

12.00 Kva handla dette eigentleg om?

Omdømme oppsummert. Ispedd litt humor.
Kåseri v/Finn Tokvam

12.30 Avslutning og lunsj

Konferanseleiar: **Arve Tokvam**

Med atterhald om endringar





Årsmøte LNK

Torsdag 4. juni kl. 17.00 og fredag 5. juni kl. 08.30

1. Opning og konstituering v/styreleiar Solfrid Borge
 - Godkjenning av sakliste
 - Godkjenning av møteføresegner
2. Leiartale v/styreleiar Solfrid Borge
3. Årsmelding v/styreleiar Solfrid Borge
4. Rekneskap v/dagleg leiar Vidar Høviskeland
5. Rammebudsjett 2015 – 2016 v/dagleg leiar Vidar Høviskeland
6. Handlingsprogram 2015-2016 v/styreleiar Solfrid Borge
7. Fråsegner
8. Val av nytt styre – valnemnda si innstilling v/leiar i valnemnda Jan Magne Dahle
 - Val av leiar og nestleiar – valnemnda si innstilling
9. Val av revisor
10. Val av valnemnd

Konferanseavgift kr 2 400,-

Heilpensjon Pers Hotell:

Kr 1 250,- pr: person pr: døgn i enkeltrom

Kr 1 050,- pr: person pr: døgn i dobbeltrom

Deltakarar som ikkje overnattar:

Dagpakkepris 4. juni kr 740,- (inkludert middag om kvelden)

Dagpakkepris 5. juni kr 395,-

Elektronisk påmelding på LNK sine nettsider www.LNK.no

Påmeldingsfrist: 15. mai 2015

Ved avmelding seinare enn 2 veker før landstinget vert det fakturert full pris.

Spørsmål som gjeld programmet eller påmelding kan rettast til konferanseleiar Arve Tokvam, e-post arve@cerdalu.no eller tlf 907 85 950

